

MELLOMBELS SÆRAVTALE OM DØGNOPPHALD FOR ØYEBLIKKELEG HJELP LOKALISERT TIL VOSS SJUKEHUS

1 Partane i avtalen

Denne avtalen er inngått mellom Vaksdal kommune og Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF.

2 Bakgrunn og heimel for avtalen

Kommunane har frå 1. januar 2016 fått ei plikt til å sørge for tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp (ØH). Plikta gjeld berre for dei pasientar og brukarar som det er mogleg for kommunen å undersøke, behandle eller yte omsorg til, jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova) § 3-5, 3. ledd og forskrift om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod.

Ulvik herad, Granvin herad, Kvam herad (natt) og Eidfjord kommune har tidlegare etablert eit samarbeid med Voss kommune om etablering av døgnbasert ØH-tilbod. Voss kommune har tatt på seg å vere vertskommune for eit interkommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald (ØHD). I denne samanheng har Voss kommune inngått tosidig samarbeidsavtale etter kommunelova § 28-1 b og e, med dei nemnde kommunane om heilt eller delvis å levere tilbod om kommunal ØHD til deira innbyggjarar.

Det har vore dialog mellom Vaksdal og Voss kommune omkring deltakinga i det interkommunale legevaktsamarbeidet og i det interkommunale tilbodet om ØHD med Voss kommune som vertskommune. Høsten 2015 retta Vaksdal kommune ein førespurnad til Voss kommune om å få ta del det interkommunale tilbodet om ØHD. Voss kommune har stilt seg positive til at Vaksdal kommune også kan inkluderast i det interkommunale tilbodet, men ikkje frå oppstart. Voss kommune starta drifta av dei 3 interkommunale ØHD-plassane den 4. januar 2016, og inntil den nye avtalen om interkommunal legevakt er vedtatt i alle samarbeidskommunane ønskjer kommunen ikkje å utvide ØHD-tilbodet.

Vaksdal kommune ønskjer å ha på plass eit tilbod om ØHD for sine innbyggjarar når den kommunale plikta trer i kraft den 1. januar 2016. Kommunen har difor tatt kontakt med Voss sjukehus, Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen (heretter Voss sjukehus) og spurt om sjukehuset kan bidra til ei mellombels løysing fram til Vaksdal kommune kan innlemmaste i det interkommunale tilbodet ved Voss sjukeheim. Partane har drøfta situasjonen og har i fellesskap kome fram til ein mellombels løysing slik det går fram av denne avtalen.

Denne avtalen er ein mellombels særavtale til tenesteavtale 4, " Skildring av

kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp» etter § 3-5, 3 ledd, jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-2 nr 4. Det som er avtalt i tenesteavtale 4 gjeld i tillegg til det som går fram av denne særavtalen, så langt det passer på denne mellombels løysinga.

3 Føremål for avtalen

Bidra til at Vaksdal kommune oppfyller si plikt til å sørge for tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp i tida fra 1. januar 2016 og fram til Vaksdal kommune kan innlemmast i det interkommunale tilbodet ved Voss sjukeheim.

I tillegg til dette er det eit føremål med avtalen å sikre at innbyggjarane i og andre personar Vaksdal kommune har ansvar for etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1. I. ledd, får eit forsvarleg ØHD-tilbod.

4 Talet på liggedøgn/senger og lokalisering av ØHD-tilbodet

Helsedirektoratet har gitt ut rettleiingsmateriell for det kommunale ØHD tilbodet, jf. "Kommunenes plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold". I vedlegg 2 til rettleiaren frå 2012 står mellom anna berekningsgrunnlaget for plikta til ØHD for kvar einskilte kommune. Det går fram av berekningsgrunnlaget at antatt liggedøgn for Vaksdal kommune er 248 per år. Det svarar om lag til 0,7 seng.

ØHD-tilbodet for pasientar frå Vaksdal kommune blir lokalisert til Voss sjukehus. Partane er samde om at sjukehuset ikkje skal reservere ei spesiell seng til desse pasientane, men plassere pasientane der ansvarleg helsepersonell ved sjukehuset finn det rett avhengig av pasientens tilstand.

5 Ansvar- og oppgåvefordeling

Partane er samde om at Voss sjukehus i ein periode på inntil eit år skal oppfylle Vaksdal kommune si plikt til å tilby ØHD for innbyggjarane i Vaksdal kommune, og andre personar kommunen har ansvar for etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1, 1. ledd. Tilboden som blir gitt ved Voss sjukehus er spesialisthelseteneste.

Voss sjukehus er ansvarleg for at tilboden til pasientane frå Vaksdal kommune er fagleg forsvarleg og i samsvar med gjeldande regelverk. Helsehjelpa ved Voss sjukehus blir dokumentert i sjukehuset sitt pasientjournalsystem, og sjukehuset har ansvar for at det blir sendt epikrise og eventuell anna dokumentasjon (t.d. sjukepleierrapport) til ansvarleg helsepersonell i Vaksdal kommune i samsvar med helsepersonellova § 43 a) og pasientjurnalforskrifta.

Voss sjukehus har ansvar for å ivareta pasienten sine rettar i samband med innlegginga i sjukehuset.

Legevaktslege, fastlege eller sjukeheimslege i Vaksdal kommune (og interkommunal legevakt) kan tilvise pasientar dei meiner har behov for ØHD for innlegging ved Voss sjukehus i tråd med vanlege retningsliner for innlegging av pasientar i sjukehus.

Partane skal i fellesskap utarbeide skriftlege rutinar for nødvendig informasjonsutveksling og statistikk i samband med innlegging og utskriving av pasientar som tilvisast ØHD ved Voss sjukehus.

6 Økonomi

Vaksdal kommune har fått rammetilskot for å drifte eit kommunalt ØHD-tilbod for sine innbyggjarar. Partane er samde om at Vaksdal kommune skal betale Voss sjukehus, Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen ein pris per døgn i den perioden Voss sjukehus oppfyller Vaksdal kommune si plikt til å sørge for eit tilbod om døgnophald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp. Døgnprisen er rekna ut frå den summen Vaksdal kommune har fått i rammetilskot for å drifte eit kommunalt tilbod om ØHD (1 204 000 kr.), delt på talet på døgn i 2016.

Vaksdal kommune skal i samsvar med dette betale kr. 3289,62 per døgn i den perioden denne avtalen gjeld.

Partane er samde om at Voss sjukehus skal fakturere Vaksdal kommune månadleg for dette tilbodet.

7 Informasjon og kommunikasjon

Begge partar skal sørge for å gjere avtalen kjent for alle involverte medarbeidarar og samarbeidspartar.

8 Handtering av avvik

Partane har gjensidig ansvar for å lukke eventuelle avvik knytt til dei ansvarsområda som ligg til kvar av partane.

Ut over dette vert det vist til punktet om avvik i den overordna samarbeidsavtalen mellom partane.

9 Tidslengd og moglegheit for oppseiing av avtalen

Avtalen gjeld frå 1. januar 2016 til 31. desember 2016. I denne perioden har kvar av partane høve til å seie opp avtalen skriftleg, med 1 månads frist.

10 Publisering av avtalen

Etter at særavtalen er signert av begge partar skal han publiserast på vår felles internettseite, www.saman.no.

11 Dato og underskrift av begge partar

Denne særavtalen ligg føre i to eksemplar og kvar av partane har eitt eksemplar.

Dato: _____

Dato: _____

Sign.: _____

For Vaksdal kommune

Sign.: _____

For Haukeland universitetssjukehus,
Helse Bergen HF